

Helicobacter pylori, biopsiar til dyrking

Analysemetode

Bakteriologisk dyrking

Indikasjon

Når ein ønskjer resistensbestemming av Helicobacter pylori, særleg aktuelt ved residiv etter behandling.

Prøvetaking

Biopsiar frå ventrikkel/duodenum kan innsendast til dyrking av Helicobacter pylori. Det tilråddast to biopsier frå kvar prøvetakingsstad.

Pasienten skal ikkje ha nytta antibiotika, protonpumpe-hemmarar eller vismuthaldige preparat dei siste to vekene før prøven blir tatt.

Prøvetakingsutstyr

Ved FSS: Steril container med litt sterilt NaCl:



For andre: Portagerm pylori, BioMerieux Norge AS, tlf. 21 52 00 22:



Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

Prøven må nå laboratoriet innan 48 timar. Eldre prøvar kommenterast i svar.

Vurdering i laboratoriet

Biopsiane dyrkast på blod- og brunskål ved mikroaerofil atmosfære i 10-14 dagar. Ved vekst av *Helicobacter pylori* utførast det MIC bestemming med gradienttest for metronidazol, tetracyclin, amoxycillin og clarithromycin.

Forventa analysetid

7-14 dagar

Feilkjelder

Helicobacter kan vekse flekkvis på slimhinna, og ved uheldig prøvetakingsstad for biopsien kan ein difor få falsk negativ dyrking.

Utførast av

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

11.10.2016 Gro Øren